



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

Kontakt saksbehandlar  
Kristine Enger, 51 56 88 28

## Søknad om ekstraordinære omstillingsmidlar for Utsira kommune

Vi søker på vegne av Utsira kommune om ekstraordinære omstillingsmidlar frå dei midla Kommunal- og distriktsdepartementet har haldne tilbake av skjønnsmidlar til kompensasjon for ekstraordinære kostnader i kommunane.

### Bakgrunn

Utsira kommune har gjennom dei siste fire åra brukt ein stor del av sine eigne ressursar på å følge opp alle private og offentlege interessentar for havvindsatsinga på Utsira Nord. Kommunen har strukke seg langt grunna Utsira si nærleik til Utsira Nord, og innsats som framtidig vertskommune, er av betydning for utvikling av flytande havvind i Norge.

Utsira kommune er no i ein krevjande situasjon. Ressursar som dei treng til ordinære tenester og viktige oppgåver i kommunen, kan ikkje lengre gå til å følge opp alle dei offentlege og private interessentane utan at det får negative konsekvensar. Kommunen ønsker å vere ei god vertskommune for flytande havvind på Utsira Nord, men den store pågangen og alt som kan skje frå Utsira krev meir ressursar enn det kommunen har.

Kommunen har i tillegg eit stort etterslep på viktige kommunale planar, og planar etter plan- og bygningslova, som er naudsynte å få på plass, for å kunne støtte opp om havvindsatsinga og tilhøyrande næringsutvikling.

### Om kommuneøkonomien

Utsira kommune har 215 innbyggjarar (per 4. kvartal 2023). Som Norges minste kommune i folketal har Utsira høge frie inntekter per innbyggjar (2,7 ganger landssnittet). Indeksberkna utgiftsbehov er mykje høgare enn landssnittet (2,5 mot 1).

Rekneskapstal for 2023 syner at kommunen hadde eit netto driftsresultat på 14,8 %. I 2023 hadde kommunen berre 11,2 % eigenfinansiering av investeringane. Langsiktig gjeld er aukande. Viss ein held pensjonsforpliktingane utanfor er gjelda på 75,5 % av brutto driftsinntekter. Tal frå kommunerekneskap 2023 er foreløpige tal i KOSTRA.

Kommunen budsjetterer med låge netto driftsresultat, i 2024 på 1,5 % og i 2025 på 0,8 %. I snitt ligg



budsjettert netto driftsresultat lågare enn tilrådinga til TBU på minimum 1,75 % for heile økonomiplanperioden 2024 - 2027.

Utsira kommune har i dag god økonomisk handlefridom, men økonomien er likevel særslit og sårbar. Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2022 nærmere 19 millionar kroner.

### **Søker om midlar til planlegging og omstilling**

Utsira kommune har gjort fleire forsøk på å få støtte til sitt arbeid for å legge til rette for ei framtidig havvindutbygging og utvikling av Utsira, utan å lykkast.

Utsira kommune søker difor om 5 millionar kroner i årlege planlegging- og omstellingsmidlar inntil kommunen får inntekter direkte frå havvind-utbygginga. Kor mange år dette kan ta er uvisst. Det som er sikkert er at kommunen treng økonomisk tryggleik for dei åra som kjem. Sjå søknad frå kommunen som ligg ved for meir informasjon.

Statsforvaltaren har vurdert om vi kan dekke det beløpet som Utsira søker om av eiga skjønnsramme. Rogaland har lenge vore det fylket med lågast skjønnsramme per innbyggjar etter Oslo Viken (Oslo Akershus). For 2024 var ramma 53,5 millionar kroner, 109 kroner per innbyggjar. Vi har sett av 4,4 millionar kroner i rest av skjønnsmidlane for 2024, det er 1,725 millionar kroner meir enn minimumskravet på fem prosent. Statsforvaltaren har ikkje det beløpet som Utsira kommune søker om i rest frå eiga skjønnsramme.

Statsforvaltaren søker på vegne av Utsira kommune om 25 millionar kroner i ekstraordinære skjønnsmidlar frå dei midla som departementet har haldne tilbake av skjønnsmidlar til kompensasjon for ekstraordinære kostnader i kommunane. Midla skal gå til dekning av dokumenterte kostnader for planlegging og omstilling til ei framtidig verkskommune for havvind, og kan berre nyttast av kommunen sjølv. Vi tilrar at kommunen set midla på eit bunde fond og bruker dei med om lag fem millionar kroner per år i fem år og at det er ei årleg foreløpig rapportering om bruken av midla, med ei endeleg rapportering etter fem år.

Om dette ikkje let seg gjere, er eit alternativ at kommunen får 5 millionar kroner i ekstraordinære skjønnsmidlar for 2024 og at dei kan kome tilbake med nye søknader i åra som kjem.

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)  
ass. statsforvalter

Monica Nessa  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

1 Søknad - Utsira kommune - omstellingsmidler havvindutbygging - Utsira Nord

Kopi til:  
Utsira kommune      Postboks 63      5547      Utsira